

## **Til sak 4 Årsmelding for år 2016 Hadeland dialekt- og mållag**

til årsmøtet 27. februar 2017

**Hadeland dialekt- og mållag** har i 2016 hatt 8 styremøte.

Årsmøtet 15. februar 2016 hadde vi heime hos Torill N. Klevmark, Harestua. Årsmøtet gav først ros til Torun Sørli, Hadeland Landhandel AS, som toppa salsstatistikken med 506 selde av dei 1560 gradestokkane laget omsette i 2015. Magnny Sæbø leia årsmøtet, og det var sju medlemmer til stades. Årsmøtet vedtok å markere 200-årsjubileet til A.O. Vinje i 2018.

### **Aktivitetar**

17.05.2016 Minnestund over A. O. Vinje. Hadelendingane fylte Mariakirken 17. mai morgon. Sørensen ønska velkommen, og Mannskoret KK opna med to Vinje-songar. Lokalhistorikar Ragnar Torbergsen frå Presteenkesetet Sjo, tala om korleis det kunne ha seg at Vinje kom nettopp til Presteenkesetet Sjo. Torbergsen tok utgangspunkt i heftet «Hvorfor er Aasmund Olavsson Vinje begravd på Gran kirkegård på Hadeland?» som han nettopp hadde gitt ut. Torbergsen la ned krans på grava før alle gjekk inn til frukost.

30.07.2016 markerte vi saman med Kirken i Gran og Presteenkesetet Sjo. Gunvor Raastad las og la ned krans på grava til Vinje. Etterpå vart vi invitert til omvising på Presteenkesetet Sjo, der Ragnar Torbergsen tala om bakgrunnen for at Vinje kom til Gran.

22.09.2016 deltok laget i «Elvelangs Viggja» i Brandbu med Else Randi Kvåle, Gunvor Kjendlie og Reidun Sørensen.

27.09.2016 heldt professor Rolf Theil foredrag i Jevnaker bibliotek: «Er tida mogen for samnorsk?».

### **Dialekttempen for Hadeland**

Styret samarbeider godt med Dialekttempen AS i Kristiansand som lagar gradestokkar med dialektord på. I 2016 hadde laget per 17.12.2016 seld 826 gradestokkar og 236 krus med dialektord på.

Vårt organisasjonsnummer er 916 301 189. Den 22.01.2016 var laget godkjend som mva-pliktig, og endeleg kunne Hadeland Regnskap AS etterfakturere mva for salet vårt før jol i 2015 og januar 2016.

### **Hadeland Litteraturforum**

Torill Nedberge Klevmark er vår representant i Hadeland Litteraturforum, som er eit samarbeid mellom Gran bibliotek, Foreningen Norden Gran, Randsfjordmuseene avd. Hadeland, Kirkeakademiet på Hadeland og Hadeland dialekt- og mållag. Gjennom Hadeland Litteraturforum bygger vi ei felles plattform for litteratur og språk.

For sesongen 2015-2016 fekk forumet etter søknad 50 000 kr frå Fritt ord til arbeid for ungdom i alderen 13-19 år. Vårt bidrag var å gje 9.klassingane ved Brandbu ungdomsskole og 10.klassingane ved Gran ungdomsskole besøk av forfattar Asbjørn Rydland, Oslo i januar 2016. Laget var medarrangør i mars 2016 på Kirkeakademiet sin Jon Fosse-kveld i Mariakirken.

Sommaren 2016 søkte og fekk forumet for tredje gong 50.000 kr frå Fritt ord, nå til tema «Språk som kultur». Denne gongen er vårt bidrag Sylfest Lomheim som kjem

30.03.2017 og talar om «Den fysiske samtalen er den viktigaste» og snakkar rundt temaet.

### **Austmannalaget**

Reidun Sørensen har vore vara til styret i Austmannalaget. Etter forslag frå Toten og Hadeland fekk Jan Terje Faarlund «Austmannaprisen 2016» på årsmøtet.

### **Representasjon**

Aase Lynne, Else Randi Kvåle og Reidun R. Sørensen deltok på årsmøtet i Austmannalaget 5. mars på Toten.

Reidun Sørensen deltok på Noregs Mållag sitt landsmøte i Bergen 15.-17. april.

Gunvor Kjendlie og Sørensen deltok på Noregs Mållag sitt seminar i Lom 3.-4. sept.

### **Tillitsvalde etter årsmøtet i 2016**

Leiar og skrivar Reidun R Sørensen, nestleiar Else Randi Kvåle, kasserar Helge Midttun, styremedlemmer Torill Nedberge Klevmark og Aase Lynne.

Varafolk: Magnny Sæbø, Vemund Viken og Bjørn Liaklev.

Ettersynskvinne: Gunvor Raastad

Valnemnd: Aase Lynne og Ole Gunnar Monsen.

Per 31.12.2016 har laget 36 betalende medlemmer, mot 34 i fjor. 28 medlemmer bur i Gran, 3 i Lunner, 2 i Jevnaker og 3 bur utanfor Hadeland.

Styret